

Vike sokneråd
6392 VIKEBUKT

Kultur- og kirkedepartementet
Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO


del 585

Kirke- og kulturdep.	
200606109	201106
KI-521	

Vikebukt 17.11.2006

Høyringsuttale, "Staten og Den norske kirke"

Vike sokneråd har handsama spørsmåla kring forholdet mellom Staten og Den norske kyrkja i fleire møte. Endeleg uttale vart samrøystes vedteken på møtet den 15.11.2006.
Vedlagt følgjer uttale frå Vike sokneråd.

 DEN NORSKE KYRKEJA
Med Vikes sokneråd
6392 Vikebukt
For Vike sokneråd,
Emil Balstad
Emil Balstad, leiar

”Staten og Den norske kirke”

Høyringsuttale frå Vike sokneråd samrøystes vedteken i møte 15.11.2006:

- 1. Tru og livssyn er svært viktig for folket, og fyller ein naturleg plass i samfunnet. Staten skal difor drive ein aktivt støttande trus- og livssynpolitikk – noko som må vere lovfesta. Dette markerer eit vern for alle trussamfunn og livssyn.
Sett i lys av at Den norske kyrkja representerer ein viktig del av kulturarven vår, meiner vi at verdiane som den står for, bør vere forankra i Grunnlova, - kristne verdier er, og bør vere viktige deler av verdigrunnlaget i samfunnet vårt*
- 2. Den norske kyrkja bør vidareførast som statskyrkje.*
- 3. Den norske kyrkja bør vere lovforankra i Grunnlova.*
- 4. Den norske kyrkja bør vere offentleg finansiert utan medlemsavgift.*
- 5. Tiltak som vil betre valdeltaking og engasjement ved soknerådssval helsar vi naturlegvis med glede. Høve til felles valdag for soknerådssval og stortingsval bør vidareførast.*
- 6. Dersom statskyrkjeordninga vert avvikla bør ein verdiparagraf i Grunnlova slå fast at samfunnet vårt skal byggje på kristne og humanistiske verdier.*
- 7. Gravferdslova av 7.juni 1996 med forskrift regulerer i dag gravferdsforvaltninga på ein god måte. Kyrkjeleg fellestråd har løyst oppgåvene til beste for alle innbyggjarane, uavhengig av livssyn. Med så gode erfaringar, ser vi ingen grunn til å endre på dette.*
- 8. Soknet/den lokale kyrkja bør framleis eige kyrkjene, og kommunane bør ha det økonomiske ansvaret. Vi finn det naturleg at staten tek eit overordna ansvar for freda og verneverdige kyrkjer, som del av vår felles kulturskatt.*



DEN NORSKE KYRKJA
Vike sokneråd
6392 Vikebukta